

Ting, tang og aktivitet

Våren byr på veterankar og vårmarknad i Seljord.

MARI NYMOEN
Tlf. 932 34 213 - mari.nymoen@telen.no

– Vårmarknaden skal bli ein årleg tradisjon, og i år blir det to heile dagar med aktivitetar, marknad og rundt 200 utstillarar, fortel Margit Nordstoga Aasan. Ho er avdelingsleiar for arrangementet, som er i regi av Dyrskun Arrangement.

Lokale utstillarar

Vårmarknaden skal føregå på Dyrskuplassen fredag og laurdag, og blant dei 200 utstillarane finn med også hjartdolar og notoddingar. Me nemner Marta Simones, Anne Bøe, Geir Kåstastul, Arne Rjukan, Helge Tørre, Olaf Øverbø, Bent Slåtta, Anne Tho og Sigrun Lonar.

Ting og tang

– Dette er ei vidareføring og utviding av den tidlegare brukte og delemarknaden, som har hatt ei fin utvikling dei seinare åra. Nordstoga Aasan lokkar med alt frå gamle motorar og koppeservice til fineste bøker og antikvitatar. I tillegg vil det i år også bli tilbydd nye ting.

Ferie og fritid

For fyrste gong satsar dei også på aktivitetar og varer innanfor hage, ferie, hytter og fritid. Dette fører til ei større breidde. – Dette er eit nytt spanande område, som det tek tid og bygge opp, forklarar Nordstoga Aasan. Ho legg til at det rett og slett bør bli ein svært variert vårmarknad.

Håper på 5000

I fjor blei det registrert 3500 innanfor portane, og til helga håper dei å nærme seg 5000. Utstillarane kjem frå heile Austlandet og også frå Vestlandet, og i tillegg til handel, vandel og prat med kjente og ukjente blir det ulike aktivitetar begge dagane. Medarrangør er Vest-Telemark Motorhistoriske klubb,



MARKNAD: Tor Djupedal (f.v), Henry Mæland, Dag Sveinung Moen, Marit Mæland, Annette Ajer og Åsmund Bringsås er klare.

som skal vise fram veterankøretøya sine.

Løp på Låvetrappa

Arrangørane lokkar også små og store barn til å konkurrere i olabil. Dyrskuplassen har eit par olabilar til utlån, eller du åkan ta med din egien.

– Men kor finns det bakkar på Dyrskuplassen då?

– Me har fått oss bakke, den nye låvebrua, og det fungerer så det susar, ler Nordstoga Aasan.

Ny idrettsgrein

I tillegg blir det tevling i bogeskyting, og dessutan blir det innført ei ny idrettsgrein. Det

blir ikkje hestekokasting men stempelkastning, altså slike stempel som sit i motorar.

Auksjon og Tangen

Denne helga er det også mogleg å campe på staden, og det blir allsangkveld på fredag med god mat og drikke inntil. Same dag skal også Trøgstad auksjonsforretning ha auksjon og då går det mykje i all slags ting og tang. Dessutan lokkar arrangørane med eit trekkplaster frå fjernsynsserien «Ingen Grenser» der Lars Monsen var turleiar. Suzanne Tangen frå Porsgrunn kjem og skal fortelje om opplevingane.



LØP: Tor Djupedal og Dag Sveinung Moen lokkar med olabilop, og har nokre til utlån. Du kan også ta med din egien.

Ynskjer lag og foreningar velkomen



ERFARINGAR: – Dette er eit samrådsmøte, forklarar ordførar Olav Tho.

I kveld skal det handle om friviljug arbeid i Hjartdal kommune.

MARI NYMOEN
Tlf. 932 34 213 - mari.nymoen@telen.no

Ordførar Olav Tho håper alle friviljug lag, foreningar og organisasjonar i Hjartdal kommune klarer og stille med ein eller fleire representantar på Bergtun i kveld.

Rundt 30 lag

– Slike samrådsmøter har me hatt før også, og dei har blitt godt mottatt. Me har sendt ut invitasjon til cirka 30 lag, og håper me ikkje har gløymt nokon, seier ordførar Olav Tho. Om så har skjedd, ber han om forståing for dette og håper eventuelt «gløymde» også stiller opp. Ordføraren synes det er viktig at alle møter, slik at ein

får synleggjort breidda og knytt kontakt med kvarandre. Bergtun er dessutan eit heilt bevisst val for møtestad.

På godt og vondt

– Dugnadsarbeidet på Bergtun vil bli brukt som eksempel på den enorme dugnadsinnsatsen som blir lagt ned i kommunen, på godt og vondt, fortel Tho.

I tillegg skal Audun Darrud frå Hjartdal Røde Kors Hjelpekorps og Jan Erik Innvær frå Sauland bygdelag fortelje litt om sine erfaringar. Det betyr litt frå eit særst aktivt og godt etablert lag, og litt frå eit ganske så nyetablert lag.

Ny rådmann på plass

Det blir også mogleg å stille spørsmål og diskutere aktuelle saker. Etter dette vil også den nye rådmannen i Hjartdal kommune, Rune Engehoit, bli pre-

sentert, og dessutan skal kommunen ved ordføraren seie nokre ord. Tho har vore på ordførarkonferanse der ein forskar snakka om nettopp trender innan dugnadsarbeid.

Nye dugnadstrender

– Forskaren sa at trenden går i retning av at det er rike, vellykka og ressurssterke innbyggjarane som også driv med friviljug arbeid. Vidare at dei gjer det meir enn før for eiga vinning skyld med tanke på karriere og for å kunne ha det på CVen. Det tyder i tillegg på at folk driv med mindre friviljug arbeid en tidlegare, og i kortare periodar. I tillegg skifter dei gjerne «beite», og vil ikkje binde seg for lengre periodar.

Tho presiserer at dette var trender frå byane, men trur nok også bygdene vil merke endringar i dugnadsinnsatsen.

Skutt på jenter med softgun

En far på Notodden varslert politiet ved 18-tiden tirsdag at hans datter på 11 år og hennes veninne hadde blitt skutt på med softgun i Lienveien. Det hadde vært fire-fem gutter på samme alder som hadde skutt. Hun var truffet i en finger og hadde litt smerter. Politiet har sett etter guttene, men de var borte. Politiet anmoder foreldre om å sjekke hva deres håpefulle bedriver og at slike leker ikke blir gitt barna.

Av eksperter for eksperter

Peugeot Expert 207.800,- - NVA

Landsverk Bil as
Sernovsveien 4b - 3670 Notodden - Tlf. 93 02 79 00